

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
PS 2024/14	22.04.2024	Samfunnsutvalet
PS 2024/23	23.04.2024	Formannskapet

Reguleringsplan for Omondjordet massetak - vedtak om offentlig ettersyn og høring.

Vedlegg

- 1 Planomtale RP Omondjordet 20240314
- 2 Plankart RP Omondjordet 20240314
- 3 Reguleringsføresegner RP Omondjordet 20240314
- 4 ROS RP Omondjordet 20240314
- 5 Masseberekning RPOmondjordet 20240314

Innstilling frå kommunedirektøren

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, jamfør § 12-14 første ledd, å legge forslag til detaljreguleringsplan for Omondjordet massetak, planid. 34340006, ut til offentlig ettersyn og høring. Frist for å komme med uttale og evt. motsegn til planforslaget blir sett til seks veker frå utsending og kunngjering med annonse i avisa.

Saksutgreiing

Plankontoret har utarbeidd forslag til reguleringsplan for "Omondjordet massetak" – planid. 34340006, som vert lagt fram for vedtak om utlegging til offentlig ettersyn og høring. Planarbeidet har bakgrunn i ønske om vidare drift og utviding av areal for masseuttak i tilknytning til vedlikehald av veganlegget Meadalsvegen. Planarbeidet blir utført som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova.

I samsvar med kommunestyrets vedtak av kommuneplanens arealdel 15.12.2022, vart massetaket ved Omondjordet M99 vidareført som ein del av kommuneplanen. Uttaket har til no vore drive på

eigedomen Graffer, GID 26/1. Slik arealet no ligg i kommuneplanen inneberer det at uttaket vil kunne drivast vidare sørvestover innover inn på eigedomen Blakar, GID 35/1. Kommuneplanen stiller krav om utarbeiding av reguleringsplan for M99, og det er nedfelt i planføresegnene at det seinast innan to år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført, skal ligge føre forslag til detaljreguleringsplan for uttaksområdet for behandling i kommunen. I planvedtaket til kommunestyret er det teke inn at kommunen skal stå for arbeidet med å utarbeide detaljreguleringsplan.

Forslaget til detaljreguleringsplan omfattar:

- Planomtale
- Reguleringsplankart
- Forslag til planføresegner
- ROS-analyse
- Masseberekning

Desse dokumenta er vedlegg til saka.

I kommuneplanen er det knytt planføresegn til område M99 om at det ikkje skal skje knusing av grusmassar i perioden 15.02.-30.06. Det siste er knytt til at ein ikkje skal forstyrre hekking av ein freda fugleart i området i denne perioden. Dette er følgt opp i forslaget til planføresegner til detaljreguleringsplanen.


I arbeidet med kommuneplanens arealdel frå 2022, vart det utarbeidd konsekvensutgreiing for område M99. Denne danna grunnlag for vidareføring av område for massetaket i den nye kommuneplanen. Planforslaget som blir fremma, er vurdert å vere i samsvar med kommuneplanens arealdel vedteken 15.12.2022. I arbeidet med reguleringsplanen, er det gjort ei vurdering av om det ville vere naudsynt med ytterlegare konsekvensutgreiingar på detaljplannivå i forhold til "Forskrift om konsekvensutredningar" – jf. planomtalen kap. 9.1. Plankontoret har vurdert at det ut frå uttakets storleik, berekna uttaksmengder og pårekna verknadar for miljø- og samfunn, ikkje er påkravd med ytterlegare konsekvensutgreiing. Ein har konkludert med at det her vil vere tilstrekkeleg at verknadane av reguleringsplanforslaget vert vurdert nærare i planomtalen og i ROS-analysen som følgjer planforslaget.

Planområdet ligg inntil og omfattar ein del av Meadalsvegen som er privat bomveg. Det har vore grustak innafor planområdet i ei årrekke som har vore avklart i kommuneplanen, men uttaket er ikkje tidlegare regulert. Meadalsvegen er tilkomtsveg til seterområde i Meadalen, Stymme, Solell, Foss og Smådalen, til utmarksteigar og sameigestrekningar til ein rekke gardsbruk, til Soleggen Fjellstugu, til fritidshytter, til bustader i nedre del av vegen og tilkomst inn mot statsallmenningane (Leir- og Bøverdalen statsallmenning og Vårdalen statsallmenning).

I alt omfattar veganlegget Meadalsvegen ei om lag 21 km strekning med bilveg med grusdekkje, der om lag 15 km er open for allmenn ferdsel ved betaling av bomavgift. Frå enden ved Foss og vidare inn til Smådalssetrene er det ein 8 km strekning i kategorien traktorveg.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å få avsett området som kan nyttast for råstoffutvinning og for behandling og lagring av dei massane som blir tekne ut. I reguleringsplanen er det vidare nedfelt reglar knytt til drift, utforming og avslutning av uttaket. Av omsyn til naturverdiar/biologisk mangfald i området, har det også vore viktig å tilpasse planen og planføresegnene i forhold til desse.

Kartfigur 1 viser forslaget til detaljregulering av området.



Kartfigur nr. 1. Forslag til reguleringsplankart for Omondjordet massetak.

Planområdet er om lag 30 dekar og omfattar følgjande forslag til reguleringsformål:

RPAREALFORMÅL	AREAL M ²	PROSENT
1200: Råstoffutvinning	12 778	42.5
2011: Køyveg	1 764	5.9
2019: Annan veggrunn - grøntareal	1 289	4.3
5110: Landbruksformål	14 200	47.3
Sum	30 031	100.0

Om lag 11 dekar av arealet er omfatta av faresone for flaum langs ein bekk som går gjennom området.

Plankontoret har gjort ein masseberekning av uttaksområdet. Berekninga visar at det til saman kan bli teke ut om lag 89 400 m³ masse som potensielt kan nyttast for grusproduksjon innafor arealet som er avlagt som område for råstoffutvinning, dvs. dersom ein ikkje støytar på fjell eller kjem bort i massar som er ueigna for føremålet. Det er da ein føresetnad at uttak kan gå ned til nivå 1 m høgare enn Meadalsvegen og at uttaket vert avslutta med skråningar med maksimal stiging 1:1,5. Det er

rekna fråtrekk for eit humuslag/jordlag på toppen med djupne 0,5 m. Masseberekninga følger som vedlegg til saka.

I samsvar med minerallova krev samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse konsesjon før drift kan starte, jf. § 43. Lova set også krav om at det må føreligge driftsplan for uttaket. Det er grunneigarar/drivar av uttaket som har ansvar for å utarbeidde driftsplan og søke om driftskonsesjon. Det er Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) som gjev driftskonsesjon og godkjenner driftsplan.

I planføresegnene er det nedfelt at drift i massetaket kan skje på kvardagar måndag–laurdag kl. 07:00–19:00, men at opplasting og transport skal kunne skje på alle dagar kl. 07:00–23:00. F.o.m. 15.02. t.o.m. 30.06. skal det ikkje gjennomførast støyande aktivitet knytt til knusing og sortering av massar av omsyn til ein freda fugleart som hekkar i nærområdet.

Det vil vere tillate å oppføre midlertidige bygg som er naudsynte for drift av massetaket (arbeidsbrakke, lager for reiskap og liknande). I planføresegnene kap. 4.2.1.e er det teke inn regelverk knytt til støy, utslepp av støv til luft og utslepp til vatn – med visning til dei aktuelle paragrafer i kapittel 30 i forureiningsforskrifta: "Forurensningar fra produksjon av pukk, grus, sand og singel". Det er nedfelt i planføresegnene at området ikkje skal nyttast til lagring eller behandling av massar som tilførast utanfrå som betong, asfalt og liknande, og at lagring av skrot og søppel innafør området, ikkje er tillate. Det er også nedfelt i planføresegnene at drivar av uttaket må sørgje for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn. Dersom vatnet ikkje kan infiltrerast i grunnen innafør området, skal vatnet førast til avløp til bekk/vassdrag. Anlegg for overvatn skal dimensjonerast for framtidig nedbørsauke på 40 %.

I planføresegnene er det vidare teke inn overordna reglar om opprydding og istandsetting av området når massane ein gong i framtida er teke ut og uttaket blir avslutta. Regelverk knytt til dette vil bli utforma meir i detalj i driftsplanen som må bli utarbeidd for uttaket.

Det er nedfelt i føresegnene at arealet skal nytast som landbruksområde når masseuttaket er avvikla.

Oppstart av planarbeidet vart varsla 27.06.2023 med brev til naboar og offentlege høyringsinstansar, med kunngjering på Lom kommune si heimeside og med annonse i avisa Fjuken.

Det kom inn fire uttaler/innspeil til varsel om planoppstart: Direktoratet for Mineralforvaltning, NVE, Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune. Desse er referert, og det er gjeve kommentarar til kvar enkel uttale/innspeil i planomtalen som følgjer som vedlegg til saka (kap. 7).

Plankontoret hadde møte med grunneigarar og veglaget ved oppstart av reguleringsplanarbeidet. Det var halde orienterings-/drøftingsmøte med grunneigarar og veglaget om utkast til reguleringsplanforslag 12.03.2024.

Når det gjeld verknadar av planforslaget, er desse omtalt i planomtalen kapittel 9. Her er planens verknadar for følgjande forhold vurderte:

- verknadar for naturmiljø og naturmangfald
- verknadar for landskap
- verknadar for kulturminne og kulturmiljø
- verknadar for jord- og skogbruk
- verknadar for geologiske og hydrologiske ressursar

- verknadar for trafikktryggleik og trafikkavvikling
- verknadar for forureining, energi og klima
- verknadar for barn og unge
- verknadar for teknisk infrastruktur
- verknadar for samfunnstryggleik

Det er ikkje vurdert at planen slik den føreligg vil medføre vesentlege negative verknadar. Det er tidlegare nemnt at ein gjennom planføresegnene har teke omsyn til hekke- og leveområde for ein freda fugleart i området. Ut over dette er det i sær landskapsverknaden av uttaket det er fokusert på. For å illustrere landskapsverknaden av tiltaket, er det i planomtalen vist illustrasjonar der planområdet/uttaket er plassert inn i 3D-kart frå løysinga "Norge i 3D" - og der sett frå forskjellige ståstader/i forskjellige retningar. Det er forholdsvis små mengder masse som årleg blir teke ut for vedlikehald/repasasjon av Meadalsvegen, og ein driftsplan vil venteleg ha føresetnadar om etappevis drift av uttaket. Med etappevis drift sørvestover frå dagens uttak, vil det vere naturleg å setje i stand og tilbakeføre til landbruksformål areal i den nordaustre delen av uttaksområdet etter kvart som uttaket flytter seg sørvestover – dette for både å redusere negativ landskapsverknad og for få arealet attende til skogproduksjon. Lokalisering inntil veganlegget, saman med at uttaket ligg forholdsvis godt skjerma av terrengformasjonar og skog, gjer at ein vurderer at skadeverknadane av uttaket i forhold til landskapsverknaden er liten.

For all utøving av offentleg mynde som røyrrer naturmangfald følger det av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggest til grunn. Planforslaget er såleis vurdert i forhold til naturmangfaldlova. Det er vurdert at planforslaget slik det føreligg ikkje har særleg negative verknadar for naturmiljø og naturmangfald. Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for planarbeidet er tilfredsstillande for å gjere vedtak i saka (nml. § 8). Ved behandlinga av kommuneplanens arealdel i 2022 vart det sett spesielt fokus på problemstillinga kring den forholdsvis nære lokalisering av planområdet av hekkelokalitet til ein freda fugleart. Det resulterte i at kommuneplanen vart vedteke med bindande føringar for utarbeiding av reguleringsplan for masseuttaket som skulle innehalde forbod mot knusing av massar i perioden frå 15.02. til 30.06. for ikkje å forstyrre hekkinga. Dette er vidareført i reguleringsføresegnene til detaljreguleringsplanen. Det er elles ingen registreringar i Artsdatabanken av truga/sårbare artar i eller nær planområdet. Fordi kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt nok, og planforslaget er vurdert til å ta tilstrekkeleg omsyn til nemnte hekkeområde og elles ha forholdsvis små skadeverknader for naturverdiar elles, vurderer ein at føre-var prinsippet er ivareteke i denne saka (nml. § 9). Det er vurdert at planforslaget vil ha liten påverknad i forhold til samla belastning for økosystemet (nml. § 10). Det er vurdert at det her ikkje er naudsynt å vurdere dekking av kostnadar ved miljøforringing (nml. § 11), og at det heller ikkje er naudsynt å vurdere anna lokalisering eller andre tekniske løysingar for å ivareta naturverdiar (nml. § 12).

For detaljerte opplysningar om planforslaget og verknadar av planen, viser ein til reguleringsplanforslaget med vedlegg.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at forslaget til detaljreguleringsplan for Omondjordet massetak, er eit godt grunnlag for framtidig regulering av området i samsvar med intensjonane og krava i kommuneplanens arealdel. Realisering av planforslaget vil innebere at masseuttaket i området kan

halde fram, samstundes som drifta blir regulert innafor rammer som tek tilstrekkelege omsyn til naturverdiar, landskapsverdiar og andre verdiar i området.

Meadalsvegen er tilkomstveg til seterområde i Meadalen, Stymme, Solell, Foss og Smådalen, til område for tamreindrift, til utmarksteigar, sameigestrekningar og statsallmenningar, til Soleggen Fjellstugu, friluftsområde og fritidshytter – og til bustader i nedre del av vegen. Det er såleis mange samfunnsinteresser som er avhengige av tilgang på grusressursar for vedlikehald og reparasjon av vegen. Tilgang til grus nær veganlegget er viktig for å halde kostnadane nede. Transport frå alternative grusressursar ned i bygda er lang, og desse uttaka er i vassdrag der det også er verdiar knytt til mellom anna naturverdiar og biologisk mangfald.

Samfunnsutvalet sak PS 2024/14 i møte 22.04.2023

Behandling

Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, jamfør § 12-14 første ledd, å legge forslag til detaljreguleringsplan for Omondjordet massetak, planid. 34340006, ut til offentleg ettersyn og høyring. Frist for å komme med uttale og evt. motsegn til planforslaget blir sett til seks veker frå utsending og kunngjering med annonse i avisa.

Formannskapet sak PS 2024/23 i møte 23.04.2023

Behandling

Det kom ingen merknader til saka.

Innstilling frå samfunnsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, jamfør § 12-14 første ledd, å legge forslag til detaljreguleringsplan for Omondjordet massetak, planid. 34340006, ut til offentleg ettersyn og høyring. Frist for å komme med uttale og evt. motsegn til planforslaget blir sett til seks veker frå utsending og kunngjering med annonse i avisa.